



Fræna kommune
Teknisk forvaltning
Plan

Grunneigarar/interessentar
følgje vedlagde liste

Administrativt vedtak
Delegert plansak - nr. 8/2013

Dykkar ref:

Vår ref
2013/374-3

Saksbehandlar
Wenche Lyngstad

Dato
13.03.2013

MELDING OM DELEGERT VEDTAK

De vert med dette underretta om at slikt vedtak er fatta:

Forslag til mindre reguleringsendring for reguleringsplan HOLAMYRA NÆRINGSPARK, slik det går fram av planutsnitt – Nytt forslag datert 15.02.13, blir vedteke.

Vedlagt følgjer saksframlegg med vedtak.

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen.

Dette må skje innan tre - 3 - veker etter denne kunngjeringa. Klaga må vere skriftleg og grunngjeven. Klaga skal sendast til det faste utval for plansaker (PLØK) som kan gjere om vedtaket, eller sende den vidare til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Med helsing

Rune Iversen
plan- og bygningssjef

Wenche Johanson Lyngstad
sakshandsamar

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
Fræna kommune, 6440 Elnesvågen	Kommunehuset	71 26 81 00	8601.42.36300
E-post:		Telefaks	Org.nr
postmottak@frana.kommune.no	www.frana.kommune.no	71 26 81 90	845 241 112

Delegert plansak - nr. 8/2013 (vedlegg til brev, melding om vedtak)

MINDRE REGULERINGSENDRING

Reguleringsplan: **HOLAMYRA NÆRINGSPARK**
Vedteke / stadfesta: 23.10.06
Planident: 06004

Bakgrunn :

I § 7.1 i rekkjefølgjeføresegnene til gjeldande plan for Holamyra Næringspark står det følgjande: «*Breiddeutvidinga i krysset mellom riksvegen (veg 1) og Tømmervegen (veg 2) skal vere opparbeida forskriftsmessig og i samsvar med normalana før utbygging av næringsparken tek til.*» Heilt fram til vedtak av planen i 2006, var planforslaget teikna inn med berre ein midtrabatt i krysset Tømmervegen/riksvegen. Først i vedtaket blei det foreslått å legge inn 4 rabattar til i Tømmervegen.

Tømmervegen er ikkje endra slik planen viser. Dei som har bygd på Holamyra, har derfor måtte søke dispensasjon frå føresegnene for å få byggjeløyve.

Når ein nå skal til å endre vegen, ser ein at det å bygge 5 rabattar oppover Tømmervegen ikkje nødvendigvis betrar trafikkmønsteret, men tvert imot kan virke meir forvirrande.

Kommunen ønskjer derfor å gå tilbake til det tidlegare forslaget med ein midtrabatt i krysset Tømmervegen/riksvegen.

Med bakgrunn i dette har Fræna kommune, plan motteke ein søknad med spørsmål om å gjere ei mindre reguleringsendring av vedteken reguleringsplan for HOLAMYRA NÆRINGSPARK. Planen vart vedteken i kommunestyret 23.10.06.

Formålet med vedteken plan:

Å legge til rette for storhandelsverksemd/verkstad

Formålet med endringa:

- Å fjerne 4 av rabattane langs Tømmervegen.

Forslaget til endring har vore sendt til berørte grunneigarar, sektorstyresmakter og andre interessentar for uttale, jamfør Plan- og bygningslova § 12-14, 3. ledd.

Merknader:

Fræna kommune har motteke ein uttale til utsending av førehandsvarsel datert 14.02.13, med planutsnitt – Nytt forslag datert 15.02.13.

Statens Vegvesen uttaler at dei ikkje har nokon merknad til planforslaget datert 15.02.13.

Jamfør § 12-14 i Plan- og bygningslova og i medhald av reglement for delegering av mynde i

Fræna kommune gjer plan- og bygningssjefen slikt vedtak:

Forslag til mindre reguleringsendring for reguleringsplan HOLAMYRA NÆRINGSPARK, slik det går fram av planutsnitt – Nytt forslag datert 15.02.13, blir vedteke.